



DEN NORSKE KYRKJA

Protokoll frå møte i Partsamansett utval, kyrkjeleg fellesnemnd for Ullensvang, Jondal og Odda

Dato og tid:	Saker:	Arkiv:	Møtestad:
30.05.18 kl. 10:00 – 11:30	PSU 9		Odda soknehus, storsal

Til stades: May Søfteland, Hans-Sigvard Galtung, Magne Hus, Marianne Eide, Lars Måkestad, Margrethe Ølberg (vara for geistleg representant), Olav B. Hus (kommunal representant).

Tilsettere representantar Angunn Handegard Trå, Åsmund Aarvik, Anne Karin Stormyr.

Kyrkjeverjane Laila Bergsagel og Gerd R. Bu.

Prosjektleder Liv Eirill Evensen.

Forfall: Steinar Tokheim.

Melding:

Grunnlagsdokument for arbeidsgruppene 1-5 inkl. dokument med informasjon til alle grupper.

Godkjenningar:

- * Godkjenning av møtebok frå sist møte.
- * Godkjenning av innkalling og sakliste.

Uttalesaker:

PSU 9/18 Godkjenning av samansetjing av arbeidsgruppene 1-5.

Melding: Grunnlagsdokument for arbeidsgruppene 1-5 inkl. dokument med grunnlagsinformasjon for alle.

ALLE ARBEIDSGRUPPER – felles grunnlagsinformasjon

04.04.18

Samanslåing av fellesråd

Til: arbeidsgruppeleiarane

Arbeidsgruppene skal stort sett gjera to ting:

- Sjå på status for drifta i dag, innan utpeikte emne og eige område,
- Levera tilrådingar som skal vidare til nemnda, ofte via PSU.

Tilrådingane skal fyrst til prosjektleiar for utarbeiding av saksframstilling.

Det er også nokre av gruppene som skal utarbeida framlegg til nye reglement/ instruksar, som gruppe 1 og 3.

Prosjektleiar vil utarbeida separate arbeidsdokument med grunnlagsinformasjon til kvar gruppe.

Det er viktig at gruppene held fokus på eigne oppgåver og leveransar. Prioriter og sorter så godt de kan! «Enkle» løysingar treng ikkje vera dårlege.

Tidshorisont

Innan 31.12.18 skal gruppene levera fyrste framlegg til løysingar, til PL. PL vurderer framlegga og ser om dei er klare for handsaming i Kyrkjeleg fellesnemnd, eller om dei bør utviklast meir i gruppa.

Nokre oppgåver kan det verte naudsynt å framskunda undervegs i prosessen. Her vil de få melding frå PL om dette.

Korleis skal gruppene arbeida saman?

Her er det nok ulike løysingar som kan fungera. Nokre trivst best med møte, andre med e-post eller digitalt samarbeid på ein digital plattform som Kyrkjebakken.

Eg tenkjer at den einskilde gruppa (arbeidsgruppeleiar) kan bestemma sjølv korleis dei vil jobba, men at leveransar til PL skal skje via E-post. Om gruppa vil nytta digital plattform for samarbeidet er det viktig at heile gruppa er 100 % komfortabel med det, og at alle er vande med å nytta data til dagleg.

Om rådsmedlem/ folkevalde treng tilgang til Kyrkjebakken, ber eg den einskilde kyrkjevevja om å ordna dette. Det vil nok vera lurt å møtast «på gamlemåten», særleg i starten.

ARBEIDSGRUPPE 1. Personalressurs og arbeidsoppgåver

Ansvar: Skapa ei oversikt over alle personalressursar/ stillingsprosentar og oppgåver knytt til stillingane i dag. Sjå på arbeidsstad for den einskilde tilsette i dag, og vurderer kva som vil vera ei god løysing for det nye fellesrådet og for dei tilsette (i størst mogeleg grad ta omsyn til bustad og ynskje). Tilrå kva for saker som skal til PSU for uttale undervegs i prosessen. Tilrå ein kabal for tilsette og oppgåver i nytt fellesråd. Laga felles kyrkjetenarinstruks. Stillingsomtalar. Laga felles personalpolitiske retningsliner. Arbeidsgruppa tek omsyn til særavtalar og lokale avtalar.

→ Relevant lovverk: Arbeidsmiljølova, Hovudavtalen, Hovudtariffavtalen, Lov om tenesteordning.

→ Arbeidsgruppeleiar: May Søfteland (FV, O).

→ Undergrupper: kyrkjemusikk, diakoni, trusopplæring, kyrkjetenarar, administrativt personale.

Medlemar i arbeidsgruppa:

2. Gerd R. Bu (T, U)

3. Jarle Vangen (FV, O)

Overordna tips om arbeidet til gruppa frå PL:

- Gruppe 1 kjem i kontakt med jussen i større grad enn fleire andre grupper. Her vil PL få meir matnyttig informasjon gjennom PL-kurset etter kvart.
- Det kan nok vera lurt å starta med statusoversikta over stillingsressursar (brøkar) og arbeidsstad (sokn/ fellesråd).
- Nokre samanslåingsprosjekt set opp ei komplett kompetanseoversikt over dei tilsette. Dette vert det mykje arbeid utav, og på PL-kurset til KA vart det sagt at ein kanskje kan gjera dette så enkelt som å spørja dei tilsette: 1. Kva gjer du i dag? 2. Kva *kan* du? 3. Kva vil du helst gjera? PL vil nok ikkje tilrå ei komplett kompetansegjennomgang om vi ikkje må. (I mange tilfelle vil nok dei tilsette gjera mykje det same som før.)
- Gruppe 1 bør samla inn frå kyrkjevevarene: stillingsomtalar, kyrkjetenarinstrukser, personalpolitiske retningsliner m.m., dette for å leggja grunnlaget for å utarbeida nye dokument for det nye fellesrådet.
- Når ein får eit tydeleg bilete over situasjonen (arbeidsoppgåver og stillingsressursar) kan gruppa byrja å sjå på **forslag til eit organisasjonskart** med arbeidsstader.
- Gruppe 1 bør og sjå på kontorstruktur og seie noko om korleis denne bør sjå ut i framtida.
- Når det gjeld kyrkjevevrestillinga i framtida, skal denne oppgåva ivaretakast av nemnda sjølv. PL får meir informasjon av KA om rett prosess for denne stillinga. Men: gruppe 1 bør i «stillingskabal» sjå på kva som skal skje med stillingsprosentar som går til kyrkjevevjarbeid i dag, og som går utover dei 100 % til kyrkjevevje. Kva treng ein folk til? Korleis kan kyrkjevevrestillinga avlastast?
- Gruppe 1 bør nok rekna at alle saker frå dykk skal via PSU til nemnda.

- Leveransar skjer til PL, som skal utarbeida saker til nemnda. **Fleire tema kan gjerne takast opp i ei sak der dette er naturleg, men med ulike vedtakspunkt.**

- KA sin vegleiar for samanslåing seier mykje som kan vera viktig for gruppe 1.

Til dømes:

9.4.1 Endring av arbeidssted

Dersom en sammenslåing medfører en samlokalisering/nyorganisering, vil en endring av arbeidsted være realiteten for mange av de ansatte. Det klare utgangspunktet er at dette ligger innenfor arbeidsgivers styringsrett, men unntaksvis vil endring i arbeidssted innebære en vesentlig endring i arbeidsvilkårene til skade for arbeidstaker, jf. arbeidsmiljøloven § 16-4 (2). Normalt inneholder også arbeidsavtaler for fellesrådsansatte angivelse av ansettelsesforholdet i fellesrådsområdet med presiseringen «arbeidstedet er for tiden». Selv uten et slikt uttrykkelig forbehold må det i stor utstrekning legges til grunn at arbeidsavtalen ikke er til hinder for omplasseringer til annet tjenestested, dvs. endring av oppmøtested.

9.4.3 Arbeidstid

Det ligger i utgangspunktet innenfor arbeidsgivers styringsrett å foreta endringer i organiseringen av arbeidstiden. For kontoradministrasjonen er det viktig å merke seg sikringsbestemmelsen i Hovedtariff avtalen kapittel 1 § 4 punkt 4.2.1. Bestemmelsen lyder: «Kontoradministrasjonens ordinære arbeidstid skal være den som nå gjelder i det enkelte fellesråd, dog ikke ut over hva som følger av pkt. 4.2» 14

9.4.2 Endring av arbeidsoppgaver

Endringer av arbeidsoppgaver som følge av fellesrådsammenslåingen må vurderes tilsvarende som ved endringsbehov i andre tilfeller der et fellesråd gjennomgår omorganisering/nedbemanning. Hvorvidt dette ligger innenfor eller utenfor styringsretten, må vurderes konkret. I utgangspunktet må en leder akseptere at arbeidsgiver innenfor styringsretten begrenser eller utvider vedkommende sitt ansvarsområde, herunder antall ansatte. En leder må i utgangspunktet også akseptere en omorganisering som innebærer at vedkommende får et nytt ledd å rapportere til og som innebærer at vedkommende blir plassert på et «lavere» nivå i organisasjonen. Summen av endringene kan imidlertid totalt sett bli vurdert som vesentlig endring av det etablerte arbeidsforholdet slik at det vil ligge utenfor arbeidsgivers styringsrett. Igjen vil individuelle forutsetninger i det etablerte arbeidsforholdet kunne få betydning for styringsrettens rammer og gi ulikt resultat. Når det gjelder diakoner, kateketer eller kantorer som kan ha et overordnet ansvar innenfor sitt fellesrådsområde, kan man se for seg at en deling av fagansvaret vil kunne ligge innenfor styringsrettens rammer. Dette gjelder dersom det er flere som har samme stilling i de fellesrådene som skal slås sammen, med mindre noe annet kan utledes av en fortolkning av arbeidsavtalen, eller en slik deling for øvrig innebærer en vesentlig endring for stillingen. Dersom kun den ene tildeles fagansvaret, vil det igjen bli en konkret vurdering av om dette fagansvaret fremstår som vesentlig for stillingen, eller om det er de ordinære arbeidsoppgavene som er det vesentlige.

Korleis skal undergruppene nyttast?

- Undergruppene under arbeidsgruppe 1 bør tidleg setjast saman, med namna på alle tilsette som naturleg høyrer til i kvar gruppe. Fyrste møte kan vera på Utne 29. mai.
- Undergruppene til arbeidsgruppe 1 bør nyttast slik at dei gjev større medverknad til dei tilsette i prosessen, og meir kontakt mellom arbeidsgjevar og tilsett.
- Undergruppene kan til dømes sjå på forslag til felles planar for kyrkjemusikk, felles kyrkjetenarinstruks, felles personalpolitiske retningsliner (administrasjon), med meir.

Ein merknad til slutt:

- Det er ikkje sikkert at ein vert ferdig med alt ein burde gjera innan 2020. Her kan ein setje opp kva som står att av oppgåver, og korleis desse skal ivaretakast.

ARBEIDSGRUPPE 2 Eigedommar, tilstand og verdier

Ansvar: Opplisting av eigedommar med verdi i dag og vedlikehaldsetterslep. Oversiktsvurdering av tilstand. Gje nemnda tilråding: prioritering av vedlikehalds- og investeringstiltak for budsjett 2020-2023. Stadfesting av eigedomstilhøve og kartfesting der dette manglar.

→ Relevant lovverk: Kulturminnelova, Plan- og bygningslova, Arbeidsmiljølova, Lov om offentlege innkjøp.

→ Arbeidsgruppeleiar: Steinar Tokheim (FV, O).

Medlemar i arbeidsgruppa:

2. Lars Måkestad (FV, U)

3. Harald Meland (T, U)

Overordna tips om arbeidet til gruppa frå PL:

- Arbeidsgruppe 2 skal sjå på eigedommar, tilstand og verdier, og levara tal til investerings- og vedlikehaldsbudsjettet for nytt fellesråd. Gruppa vil arbeida tett saman med gruppe 5, som skal byrja prosessen med eit felles budsjett for nytt fellesråd.

- Når det gjeld tilstandsvurdering og investeringsbehov, er det ulike måtar å sjå på dette. Til dømes har nye Bjørnafjorden kommune valt ein enkel framgangsmåte, sjå vedlegg. Dei har ikkje gått i djupna på tilstand, men nytta kunnskap dei har frå før. *Om ein går for grundig til verks på tilstand, står ein i fare for ikkje å koma i mål, og analysane kan verta kostnadskrevjande arbeid i seg sjølv.*

- I budsjettet for 2018 har nemnda sett av kr. 47 000 til tilstandsanalyse og verdivurdering.

- Eigedommar: her bør ein sjekka kva for kyrkjer som er ferdig kartfesta, og få ei oversikt over kva som manglar.

- Gruppa kan fritt be kyrkjevevane om informasjon, gjerne etter den malen gruppa vel å nytta. **Det vil spara tidsressursar og arbeid om gruppa er flink til å spesifisera konkret kva for informasjon de treng til ein kvar tid.**

Levering:

Arbeidsgruppa leverer statusoversikt og tilrådingar til PL, som lagar til sak til kyrkjeleg fellesnemnd.

ARBEIDSGRUPPE 3. Kyrkjegardar og gravplassforvaltning

Ansvar: Oversikt over gravplassforvaltningssystem nytta i dei tre fellesråda i dag, sjå på talet på ledige graver og planleggja for sletting av graver, plan for muslimsk gravlund, sjå på vedlikehaldsetterslep, reglement for gravplassar, festeavgift (kommunen), vurderer felles forvaltningsløyning for det nye fellesrådet og tilrå i saka.

→ Relevant lovverk: Gravferdslova, Kyrkjelova, Offentleglova, Forvaltningslova, Lov om folkeregistrering, Arbeidsmiljølova.

→ Arbeidsgruppeleiar: Magne Hus (FV, U).

Medlemar i arbeidsgruppa:

1. Angunn H. Trå (T, O)
2. Magnar Sollesnes (tidl. FV, J)

Overordna tips om arbeidet til gruppa frå PL:

- Status i dag og tilråding for framtida er stikkord for alle gruppene.
- Arbeidsgruppe 3 skal levera framlegg til nye kyrkjegardsvedtekter og bidra til dialog mellom fellesnemnda og den nye kommunen om festeavgift.
- Arbeidsgruppe 3 sine leveransar vil ha stor innverknad på samla budsjett for det nye fellesrådet.
- Gravkart og digitalisering, tiltak for å ta vare på gamle gravkart som det kanskje ikkje finst kopiar av (sjå sak om brann ved kyrkjekontoret i Sogndal: <https://www.nrk.no/sognogfjordane/no-skal-gravkarta-bli-digitale-1.13989948> Digitalfoto av gamle kart kan vera eit førstehjelpstiltak medan ein ser på løyningar. Prøveprosjekt med digitale gravkart etter SOSI-standard er omtala i same saka.
- Freda graver og gravminne: etterslep her?
- Div. stell og parkhald, innkjøp av tenester eller tenesteytingsavtale? Kost og nytte? (Nærare band til kommunen kan vera eit argument for tenesteyting.) Her vil også gruppe 5, Økonomi og avtaler, ha ei rolle.
- Kva for dataprogram nyttar det einskilde fellesråd i dag til gravplassforvaltinga, og kva for ei løyning ser arbeidsgruppa som den beste for framtida? Sjå på kost og nytte. Her bør gruppa gå i dialog med gruppe 4, Arkivsystem og sakshandsaming.
- Nye Bjørnafjorden kommune har sett opp ei oversikt over gravplassane i dag, med ledige graver m.m. Kanskje denne malen kan vera nyttig for dykk? Sjå vedlegg.
- «Namna minnelund» er i ferd med å verta meir populært – er dette noko vi bør planleggja for? <https://www.nrk.no/buskerud/ny-gravplasztrend-1.12097878>
- Oppretta muslimsk gravlund, eller evt. sjå på ein avtale med eit anna fellesråd som har dette?

ARBEIDSGRUPPE 4. Arkivsystem og sakshandsaming. Løysingar for IKT.

Ansvar: Oversikt over system nytta i dei tre fellesråda i dag, oversikt over arkivhyllometer og etterslep arkivvedlikehald, sjå på eksisterande datasystem, leverandørar og kostnad, vurder løysingar for det nye fellesrådet og tilrå i saka. Ny nettstad. Løysingar for telefoni.

→ Relevant lovverk: Arkivlova, Forvaltningslova, Offentleglova, Lov om folkeregistrering.

→ Arbeidsgruppeleiar: Hans-Sigvard Gaitung (FV, J).

Medlemar i arbeidsgruppa:

2. Laila Bergsagel (T, J)

3. Gry-Helga Aarhus (T, U)

Overordna tips om arbeidet til gruppa frå PL:

- Vegleiareren for samanslåing seier at gamle arkiv kan avsluttast, og eit nytt, felles arkiv opprettast. Slik slipp ein altfor mykje arbeid. Det må seiast noko om kor dei gamle arkiva skal oppbevarast (dette bør også arbeidsgruppe 1 ha med i tankane). Ein kan sjå på trinn-for-trinn-løysingar med årstal for nytt arkiv, og delte løysingar for gammalt arkiv. Nytt arkiv må vere digitalt, etter dei opplysningane eg har fått på PL-kurs. ***Sakshandsamingssystem og arkiv må vere knytte til vanleg arkivkodesystem for Den Norske Kyrkja.***

- For IKT: her treng ein ei oversikt frå kyrkjevevryene over kva for løysingar og program som er nytta i dag. Gruppa lagar til eit forslag over kva for løysingar det nye fellesrådet skal nytta, og seier noko om eventuelle overgangsløysingar. Sjå IKT-presentasjon som vert sendt over i eigen e-post.

- Datautstyr: Løysingar i dag? Gammelt? Må skiftast ut? Henta inn info frå kyrkjevevryene. Kostnad.

- Ny nettstad: tilrå i saka. Val av plattform og kostnad.

- Løysing for telefoni: status no, og tilråding for framtida. Kostnad.

- Personverntilhøve og tiltak her?

Arbeidsgruppe 4 skal altså arbeida fram ei statusoversikt for ulike punkt, og ei tilråding til fellesnemnda på ein del punkt.

Leveransane vert sende til PL for utarbeiding av saksdokument.

For IKT: Oversendt materiell, «Sammenslåing og IKT-valg.» KA – prosjektledersamling.

Viktig foil: «Framgangsmåte:

*** Kartlegge nåsituasjon.**

*** Sette seg mål; - hvilken nytte skal vi oppnå gjennom IKT, i det nye fellesrådet.**

*** Legg inn; - innfrielse av formelle krav som personvernforordningen og digitalt arkiv ihht Noark 5.**

- * Gjøre enkle kost/nytte vurderinger for de valg man tar.
- * Planlegge et implementeringsprosjekt og budsjett for dette.
- * Ressurser og tiltak for opplæring.
- * Gjennomføre konvertering, test og godkjenning.
- * NB! Avklare at ressurser er tilgjengelig hos leverandører.
- * Følg opp målene når nytt fellesråd er på plass!»

Kartlegging:

Tema	Dagens situasjon	Ønsket fellestøsning	GAP; Investeringsbehov og tiltak
Linjer til den enkelte lokasjon og lokalt nett	Linjer utstyr, kontrakter, tjenester, kompetanse, pris. Kapasitet. Felles med kommunen? Trådløse nett,		
Printere	Hvor moderne de er i forhold til standardisert funksjonalitet for å stå i et nytt nettverk.		
PC: lap-top,/stasjonære eller «tynne klienter». Bruk av smarttelefon og nettbrett.	Antall Alder		
Driftspartner. felles infrastruktur/linjer, kontorstøtteprogrammer, brukerstyring, epost-konto og kalender, lagring av data (Inkl sikkerhet og back-up) og 1. linje brukerstøtte			
Sak-arkiv og møteløsning.	Er det papirbasert eller fulldigital ihht til Noark krav. (Test: kan arkivet overføres til Riksarkivet digitalt, eller må det være papir.)		
Lønn og personal	Beskriv både systemer og om tjenesten gjøres internt eller eksternt.		
Regnskap og økonomi	Beskriv både systemer og om tjenesten gjøres internt eller eksternt.		
Hjemmesider	Tilfredsstill de tilgjengelighetskrav, gen. sikkerhet og er de egnet for mobil og nettbrett (responsiv design)		
Ev. spesialprogram f.eks for FDV-kirkebygg	List opp aktuelle spesialløsninger hvor funksjonaliteten er viktig å få med videre.		

(NB: Regnskap og økonomi, løn: hjå oss kjem dette helst inn under arbeidsgruppe 5.)

ARBEIDSGRUPPE 5. Økonomi og avtaler

Ansvar: Oversikt over system for rekneskapsføring og revisjon nytta i dag. Vurdera prisar og nytte. Tiltrå løysing for rekneskapsføring i nytt fellesråd. Gjennomgå avtaler og støtte kyrkjeverjene i arbeidet med å seie opp avtaler til rett tid. Utarbeida mal for oppretting av nye avtaler med Ullensvang kyrkjelege fellesråd. Oppstart av felles budsjettarbeid.

→ Relevant lovverk: Rekneskapslova, Lov om offentlege innkjøp.

→ Arbeidsgruppeleiar: Marianne Eide (FV, J).

Medlemar i arbeidsgruppa:

2. Liv Eirill Evensen (T, O)

3. Audun B. Seiness (FV, J)

Overordna tips om arbeidet til gruppa frå PL:

- Gruppa skal sjå på eit samla budsjett for 2020 og frametter, innan drift, vedlikehald og investering. Her vil dei andre arbeidsgruppene levera innhald til oss, til dømes innan vedlikehald og naudsynte investeringar, og kyrkjeverjene må levera budsjett 2018 og rekneskap 2017 snarleg for at vi skal sjå på totale tal i dag og framover.

- Gruppe 5 bør vera merksam på at budsjetta i fellesråda i dag *kan* vere over- eller underbudsjetterte på nokre felt. Til dømes om vakante stillingsbrøkar ikkje ligg inne i budsjettet, då kan budsjett og rekneskap gje eit skeivt bilete. Gruppe 5 får ei særskilt viktig rolle for å sikra at budsjettet ikkje vert for lågt i framtida, og at ein får råd til dei stillingane og det arbeidet som trengst.

- Omfanget av avtaler er stort i eit fellesråd. Kyrkjeverjene bør tidleg verte spurde om oversikt over avtaler i dag, og gruppe 5 kan til dømes utarbeida ein mal for oppseiing av avtalene til hjelp for kyrkjeverjene. I tillegg ein mal for nye avtaler. Her må vi passa på lov om offentlege innkjøp og kanskje kjøra ein forenkla anbudsrunde på Doffin – her får PL meir info frå KA etter kvart.

- Arbeidsgruppe 5 må antakeleg framskunda arbeidet med val av framtidig økonomiløysing, iallfall passa på at mogelegheitene vert haldne ope om nemnda ynsker at føringa av rekneskapen og lønssystemet skal gå gjennom heradet frå 2020. Økonomisjef Anne Erdal tok kontakt med PL 23.03.18 og sa at vi må kontakta det kommunale prosjektet (nye Ullensvang kommune) om vi ynsker at den nye kommunen skal føra rekneskapen for kyrkja – innan sommaren må dei ha melding. Det er ikkje avklara kor endeleg beskjeden må vere (intensjon?). Uansett må nok arbeidsgruppe 5 **prioritere sak «Val av økonomiløysing» først.**

- PL sit i gruppe 5 og vil syta for at saker kjem opp i nemnda når gruppa har levert eit godt nok grunnlag.

Oppgåvene til gruppe 5 kan sorterast slik:

- Kartleggingspunkt: situasjonen i dag (budsjett, rekneskap, avtaler, gjeld, lån, bundne fond m.m.)

- Tilråding til kyrkjeleg fellesnemnd: Økonomistyring i nytt fellesråd
- Forslag til malar – oppseiing av kontrakt, inngåing av kontrakt
- Leggje grunnlag for evt. forenkla utlysing på Doffin (etter nærare info frå KA)
- Oppstart budsjett 2020 – .

Dette skriv KA om økonomi i vegleiaren for samanslåing (utdrag):

8.3.1 Økonomi og regnskap

«Fellesrådene må bli gjort kjent med hverandres økonomiske situasjon, gjeld, forpliktelser, regnskap, økonomiske balanse og verdier, herunder også hvilke eventuelle øremerkinger som foreligger og som har sitt utspring i eksterne bindinger (tredjemansavtaler). Disse videreføres i den sammenslåtte enheten. Det er viktig å være obs i forkant på at gjeldssituasjonen kan være ulik fra fellesråd til fellesråd, avhengig av bl.a. hvordan man de senere år har ordnet finansiering av investeringer. Noen steder har kommunen tatt opp investeringslån og gitt investeringstilskudd til kirkelig fellesråd, mens andre steder har fellesrådet selv tatt opp lån og fått tilsagn fra kommunen om fremtidige økte tilskudd for å dekke avdrag og renter. Eventuell bruk av rentekompensasjonsordningen må kartlegges.

Det må utarbeides retningslinjer for fremtidig økonomi- og regnskapsrutiner, og det er da viktig å uttrykke verdien av kommunens tjenesteyting i regnskapet. Her må man involvere kommunen og få på plass formelle samarbeidsrutiner f.eks. i form av «årshjul».

Generelt gjelder det ved sammenslåinger at all gjeld, verdier m.m. som er forvaltet av fellesrådet blir felles for det nye fellesrådet. Dette innebærer at verdier, gjeld m.m. vil inngå i det nye fellesrådets regnskap og forvaltning. Det er likevel grunn til å peke på noen spesielle forhold som kan gi grunnlag for særskilt vurdering: Bundne fond/øremerkede midler vil fortsatt ha sin øremerking, dersom det er snakk om ekstern «øremerking» slik forutsetningen er for at det regnskapsmessig skal være klassifisert som bundne fond.»

..... Melding slutt

Møtet vart satt.

Magne Hus tok ordet – det var 3 prinsipielle punkt han ville ta opp:

1) Ansvars- og arbeidsområda til sokneråd og fellesråd i Kyrkjelova.

Fellesrådet sine oppgåver er skildra i §14 i Kyrkjelova. Paragrafen vart lest opp. Her er det viktig å skilja mellom råda og ansvarsområde.

2) Visjon – forslag til ny visjon som avspeglar ansvarsområda til sokneråd og fellesråd. Visjonen vart lest opp og overlevert leiar.

3) Val av nestleiar. Valet i sist møte er ikkje gyldig jfr. Kyrkjelova §35. Leiar og nestleiar skal veljast blant dei som har fleirtalet i rådet, dvs. dei folkevalde.

Tilsettere representantane ba om eit separat møte for å drøfta pkt. 2 og 3.

Dei tilsette rakk ikkje å få svar frå KA til PSU, men ville gje melding attende til fellesnemnda (neste møte).

Dei tilsette ber nemnda vurdera om det skal opp ny sak, den skal då til PU fyrst.

Leiar: Visjonen kjem opp som sak i neste møterunde i august. Nyval av nestleiar i dag i fellesnemnda om naudsynt.

Godkjenningar

*** Godkjenning av møtebok**

Framlegg til vedtak:

Møtebok frå møte 31.01.18 vert godkjend.

Handsaming:

Merknad ikkje sett.

Vedtak:

Møtebok frå møte 31.01.18 vart godkjend.

* Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjende.

Handsaming:

Merknad ikkje sett.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjende.

PSU 9/18 Godkjenning av samansetjing av arbeidsgruppene

Saksbakgrunn:

Kyrkjeleg fellesnemnd gjorde slikt vedtak 31.01.18:

Fellesnemnda gjev fullmakt til prosjektleiar og arbeidsgruppeleiar til å ferdigstille samansetjinga av gruppene med påfølgjande uttale i PSU og endeleg vedtak i fellesnemnda, etter denne modellen:

- Kvar arbeidsgruppe skal ha representantar frå dei tilsette.
- Kvar arbeidsgruppe skal ha representantar frå dei folkevalde eller kyrkjelyden.
- Arbeidsgruppene kan knyte til seg andre ressursar i tillegg etter avtale med PA.
- Undergruppene til arbeidsgruppe 1 vert sett saman av tilsette som naturleg fell inn under den respektive faggruppa.

Samansetjinga vart teken opp med den einskilde arbeidsgruppeleiar, og organiseringa av gruppene vart komplettert slik 03.04.18 (T= tilsett, FV= folkevald, U= Ullensvang, J= Jondal, O= Odda):

1. Personalressurs og arbeidsoppgåver

→ Arbeidsgruppeleiar: May Søfteland (FV, O).

Medlemar i arbeidsgruppa:

2. Gerd R. Bu (T, U)

3. Jarle Vangen (FV, O)

2. Eigedommar, tilstand og verdjar

→ Arbeidsgruppeleiar: Steinar Tokheim (FV, O).

Medlemar i arbeidsgruppa:

2. Lars Måkestad (FV, U)

3. Harald Meland (T, U)

3. Kyrkjegardar og gravplassforvaltning

→ Arbeidsgruppeleiar: Magne Hus (FV, U).

Medlemar i arbeidsgruppa:

1. Angunn H. Trå (T, O)

2. Magnar Sollesnes (tidl. FV, J)

4. Arkivsystem og sakshandsaming. Løysingar for iKT.

→ Arbeidsgruppeleiar: Hans-Sigvard Galtung (FV, J).

Medlemar i arbeidsgruppa:

2. Laila Bergsagel (T, J)

3. Gry-Helga Aarhus (T, U)

5. Økonomi og avtaler

→ Arbeidsgruppeleiar: Marianne Eide (FV, J).

Medlemar i arbeidsgruppa:

2. Liv Eirill Evensen (T, O)

3. Audun B. Seiness (FV, J)

Framlegg til vedtak:

Samansetjinga av arbeidsgruppene vert godkjend.

Uttale i partsamansett utval:

Ikkje sett.

Eventuelt.

1. Det kom avslutningsvis spørsmål frå dei tilsette om undergrupper under arbeidsgruppe 1.

Prosjektleiar og Gerd. R. Bu frå arbeidsgruppe 1 orienterte.

Korleis kan dei tilsette engasjerast og bidra til framtidige løysingar? Leiinga vil sjå på oppgåver for undergruppene.

2. Kommunal fellesnemnd har handsama søknad om støtte til kurs for PL. Det vart gitt 20 000 i støtte. Her går vi i minus.

3. Det vart oppmoda til å visa aktsemd når det gjeld forventnings-/ arbeidspress mot PL og økonomisk press mot prosjektet.

4. Kyrkjeverja i Jondal er knytt til to undergrupper under arbeidsgruppe 1. Kan ho nytta stand in?

Det bør ikkje vera ein folkevald. Ein vil vidare prøva å unngå møtekollisjon.

Sign.

Odda, 30.05.2018



May Sjøfteland

Leiar PSU

.....

Nestleiar PSU